

Sindre Taule Sandstå  
Vatne 17  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/6820 - 21/52856

Saksbehandlar:  
Mari Emilie Pettersen Hagenlund  
mari.emilie.pettersen.hagenlund@alver.  
kommune.no

Dato:  
09.08.2021

## Løyve til bruk av elektrisk påhengsmotor i Seimsvatnet

**Administrativt vedtak: Saknr: 849/21**

### VEDTAK:

**Med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag § 5 gjev Alver kommune med dette Sindre Taule Sandstå løyve til bruk av motorfartøy med elektrisk motor på Seimsvatnet i Alver kommune i eit avgrensa tidsrom.**

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Det kan brukast motorfartøy med elektrisk motor med inngangseffekt på opptil 800 watt.
- Elektrisk påhengsmotor kan berre brukast i tidsrommet 01.07 til 01.05.
- Elektrisk påhengsmotor skal berre brukast til utførelse av tynningsfiske.
- Søker er ansvarleg for å innhente naudsynt løyve frå grunneigar etter motorferdselloven § 10.
- Bruk av båt med elektrisk påhengsmotor føresett bruksrett i vatnet eller gyldig fiskekort.
- Søkar må ta kontakt med Statsforvaltaren i Vestland for rådføring om fiskekultivering.
- Løyve gjeld for 3 år frå og med sesongen 2021.

### Saka gjeld:

Sindre Taule Sandstå søker i e-post datert 05.08.2021 om løyve til bruk av elektrisk påhengsmotor i Seimsvatnet, Alver kommune.

Bakgrunnen for søknaden er at søker ynskjer å nytte elektrisk påhengsmotor for å utføre tynningsfiske i Seimsvatnet for å betre kvaliteten på fiskebestanden. Det opplysast om at fiskebestanden i Seimsvatnet er tett, og at det er ønskeleg å tynne bestanden ved fiske. Søkar har forsøkt fiske med garn og oter, og meiner at oter er den mest effektive fiskerekspasjonen, men at dette vanskeleg løst seg gjera med robåt. Til forskjell frå garn der ein kan selektere på storleik vil oter fiske både stor og liten aure. Uttak av stor aure kan medføre auka tettleik av aure i vatnet då ein tar ut større, eventuelt fiskeetande individ. Det stilles

derfor vilkår om rådføring med Statsforvaltaren i Vestland når det gjeld optimal kultiveringsstrategi. Kontaktperson hos Statsforvaltaren er seniorrådgivar Gry Walle på avdeling for miljø: fmhogwa@statsforvalteren.no.

### **VURDERING:**

Bruk av motoriserte framkomstmidla i utmark og vassdrag skal handhevast strengt. I rundskriv T-1/96 frå Miljøverndepartementet er det likevel tydeleg at loven ikkje tar sikt på å hindre naudsynt ferdsel til anerkjente nytteformål. Det er den «unødvendige og fornøyelsespregede ferdelsen» som regulerast.

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §5 beskriv at kommunen kan gje forskrift eller fatte enkeltvedtak om løyve til bruk av motorfartøy med elektrisk motor med inngangseffekt opptil 800 watt på innsjøar mindre enn 2 kvadratkilometer. Ved vurdering av om det skal opnast for slik ferdsel, skal det leggast vekt på omsynet til vatnet som levestad for viltartar og fuglar, og særskilt vekt på omsynet til hekkeområde. Det kan ikkje gjevast løyve til motorferdsel som inneber vesentleg skade på fugleliv.

Søkars grunngjeving for søknaden er primært knytt til eit ynskje om auka uttak av fisk for å betre kvaliteten på fiskebestanden. Overtette fiskebestandar er eit kjent fenomen frå heile landet, og det er i mange tilfelle viktig med målretta kultiveringsarbeid av fiskevatna for å oppnå ein god kvalitet.

Vannrikse (*Rallus aquaticus*) som er kategorisert som sårbar (VU) på Norsk Raudliste er registrert i tilknyting til vatnet. Det er derfor satt vilkår om at elektrisk påhengsmotor ikkje skal nyttas i perioden mai til juli for å minimere forstyrring av hekkande fugl. I forhold til andre omsyn til natur og miljø vil den forventa bruken av elektrisk påhengsmotor få liten betydning. Vi kan ikkje sjå at ein dispensasjon vil vere i strid med prinsipp i naturmangfaldlova §§8-12.

### **Regelverk**

LOV 1977-06-10-82 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «849/21»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mari Emilie Pettersen Hagenlund  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Sindre Taule Sandstå

Vatne 17

5912 SEIM